

#velkommentilvik

Sommarravisa

VIK I SOGN 2024

*Bamalost™
festivalen*



Fres



Norsk
Bringebærfestival



Vik kommune



VERDSARVKOMMUNE

God sommer!

Gamalostfestivalen 31.05–02.06

PROGRAM

FREDAG 31. MAI

- 1900 Kulturkveld Vikjhalli (1)
- 2100 Kulturkveld Vikjhalli (2)
- 2200 Stand up på Blix hotell m/ Raymond Falldalen
- 2245 Dans Vikjhalli med Gamlekara

LAURDAG 1. JUNI

- 0930 Frukost kommuneplassen, 50 kr pr pers.
- 1000 Sogn Sparebank deler ut gåver, Årets idrettsutøvar
- 0930 Vik Musikklag spelar på kommuneplassen
- 1100-1300 Fiskekonkurransse for born på kaien
- 0930-1500 R. Johnsgalleriet sel foto, kunstbilde, lokallitteratur
- 1100 Kristianhus ope for publikum
- 1200 Musikk og song ved meieriet
- 1200 Gamalostkoking ved meieriet ved Ragnar Hove
- 1400 Fotballkamp Vik-Jølster
- 1800 Tingsete Gamalostlaget på meieriet
- 1800 Konsert Vik kyrkje m/Magnolia Jazzband
- 2100 Utekonserter på Nyetorget med Ein Te og Halva Priset

Boder langs naustrekkja og andre stader.

SUNDAG 2. JUNI

- 1100 Gudsteneste Vik kyrkje
- 1200 Vandring Vikøyri frå Kaikanten v/Arne Inge Sæbbø.
50 kr pr pers.
- 1700 Konsert med Vik Songlag i Vikjhalli
- 1900 Quiz på Blix hotell v/Anne Mårdalen

Stavkyrkja og Hove kyrkje er opne både laurdag og sundag. For Hove kyrkje sin del frå kl 1100 til kl 1600, då kan ein få sjå Hove-madonnaen.

Sjå meir: www.gamalostfestivalen.no

BILLETTSAL

I år føregår alt førehandssal av billetter berre på nettet til kulturkvelden fredag, konserten i Vik kyrkje og konserten med songlaget. Billetter får ein kjøpt og betalt ved å gå inn på heimesida til Gamalostfestivalen, www.gamalostfestivalen.no. Då må ein gje opp kva arrangement ein kjøper billett til. Elles kan ein kjøpa billetter i døra ved å møta opp før arrangementi. Billettpris 300 kr.

FRUKOSTEN

50 kr pr person. Inntektene går til lag og organisasjonar.



Velkommen til frukost på kommuneplassen laurdag.



Halva Priset og Ein Te



Utekonserter med Halva Priset og Ein Te
Laurdag 1. juni 2024. Portane opnar kl. 20.00.
18 år aldersgrense.

Billetter på [TicketCo.no](https://www.ticketco.no)

Arrangementet er eit samarbeid mellom Dampen Pub og Blix hotell.

Velkomne!

Gode lesarar av Sommaravisa

Ein ny kommunestyreperiode starta opp etter valet hausten 2023, og eg vil retta ein stor takk til alle som gav meg fornya tillit som ordførar for den flotte kommunen vår. Eit slikt valresultat gir ny giv, men samstundes set det og store krav til meg som ordførar at eg må levera til det beste for heile Vik kommune. Når ein ser fire år fram, er det nærast ei evigheit. Ser ein fire år bakover, er det som ei kort stund. Slik er det også denne gongen.

Sjølv om det stundom er lange og travle dagar, både helg og kvardag, er det å vera ordførar i Vik utruleg kjekt og givande. Spesielt vil eg trekkja fram alle dei gode og trivelege møta med innbyggjarane. Sjølv om ein av og til får melding om eitt og anna som burde vore betre, er innbyggjarane stolte av nærmiljøet, bygda si og kommunen sin.

Sommaren nærmar seg og med den alt det som pleier å skje i kommunen vår på denne årstida. Gamlostfestivalen 31 mai til 2 juni, Fresn siste helga i juli og Bringebærfestivalen 10-11 august. På desse festivalane er det litt for ein kvar, med kulturkveld, jazzbandet Magnolia, utedans på torget med «Ein Te» og «Halva Priset», Vik Songlag med konsert i Vikjhalli og Stand Up på Blix med Raymond Falldalen som er busett i Feios. Dette i tillegg til alt anna som skjer med mange cruiseanløp og idrettsarrangement gjer at kommunen vår yrer av liv i sommarmånadene.

I tillegg til å vera ordførar så har eg og vervet som regionrådsleiar, eit verv eg har hatt i to år. Det at vi har ein region som står saman om våre felles utfordringar og mogelegheiter og klarar å gleda oss på andre sine vegner er viktig i tida framover. Viss vi som region ikkje skal sakka akterut så må vi samla oss om dei store mogelegheitane vi har. Stikkord her er samferdsle, kraft, gode rammevilkår for næringsutvikling, landbruk samt kompetanse og rekruttering. På samferdslesida så har regionrådet samla seg om ei prioriteringsliste der rv. 13 Vikafjellet er øvst, så er det berre å håpa at det kjem positive signal inn i kommande NTP som skal vedtakast i juni. Både regionrådet og det politiske miljøet i Vik står no sterkt samla om korleis vi vil freista å få dette på plass. Og det siste her er umå-

teleg viktig. Etter ein forholdsvis turbulent førre politiske periode så har vi no samla oss og dreg i same retning, til det beste for vår flotte kommune. Dette skuldar vi innbyggjarane våre å gjera og. Vi politikarar er til for kommunen og innbyggjarane, ikkje omvendt.

Av politiske saker som vert viktige framover så har eg, som eg alltid gjer, nemnt samferdsle. Vi i vår kommune har like mykje krav på sikre og framkommelege vegar som andre i vårt langstrakte land. Her er det berre å jobba utrøyteleg både med heilårsveg, ferjefrekvens og rassikring.

Kraftinntektene våre er ei sak som vi heile tida må forsvare, då desse alltid vert sett i spel og alle skal «ta» konsesjonskraftkommunane. Eg nyttar alltid høvet til å påpeika at det berre er 4 % av krafta i vårt land som er eigd av konsesjonskraftkommunane, medan resten er eigd av store kommunar som Oslo og Bergen. Desse skal gå klar av inntrekk fordi dei tek utbytte frå eigarskap, medan vi andre småkommunane skal takast. Konsesjonskrafta er ein gammal avtale om kompensasjon for nedbygd natur, Oslo og Bergen med sine hovudkontor har vel ikkje ein einaste demning, turbin eller andre naturødeleggingar som fylgje av vasskraft. Her må vi heile tida vera på vakt, og det gjer vi i fellesskap med dei andre kraftkommunane.

Elles så vil eg nemna at vi, til liks med resten av distrikts Noreg, slit med å få kvalifisert helsepersonell. Dette går sjølvsagt utover kommunebudsjettet då vikarinnleige er ein stor utgiftspost. Her jobbar vi saman med resten av regionen for å freista å finna gode måtar å tiltrekkja oss flinke folk som ynskjer å jobba hjå oss. Eg set umåteleg pris på dei som heile tida står i eit krevjande yrke som helsepersonell er, og så veit vi at vår kommune satsar stort på helse og eldre med nytt og moderne bygg som skal stå ferdig i 2026. Eg håpar at dette vil bidra til at fleire ser til oss og ynskjer å jobba her i kommunen.

Feioskraft er godt i gong. Dette saman med resten av kraftproduksjonen i kommunen gjer til at vi har store mogelegheiter for å skapa nye arbeidsplassar framover. Vi må skapa arbeidsplassane der krafta vert produsert og ikkje nødvendigvis transportera den ut av kommunen for å skapa

arbeidsplassane der. Her vert det jobba godt saman med Sogn Utvikling, Sogn Næring og regionrådet.

Som ein stor landbrukskommune så er det og viktig å heile tida vera på bøndene sitt lag for å sikra gode rammevilkår i landbruket. Det skal vera liv laga for dei som ynskjer å satsa på dette yrket, og då må inntekta stå i stil til arbeidet. Det å vera sjølvforsynte med mat i mykje større grad enn kva vi er i dag kjem tydeleg fram når vi ser på korleis verda er og kor skjør verdsfreden er.

Dette bringar meg litt inn på at vi trass alt er veldig privilegerte her hjå oss. Det å sjå på alt det grufulle som skjer ute i verden er så forferdeleg at ein aldri kunne tru at det var folk som stod bak. Men det er det dessverre. Folk som nyttar makt og folk som hatar. Taparane er alltid dei uskuldege. Her har vi som kommune ei stor oppgåve med å ta i mot folk på flukt på ein god og inkluderande måte. Eg oppmodar alle om å ta vel i mot våre medmenneske, dei flyktar få sitt land, sitt folk og har ofte ein ballast som vi ikkje kan fatta er sant.

Eg vil avslutta med å sitera Henry Ford:
Å kome saman er byrjinga
Å halde saman er framgang
Å arbeide saman er suksess.
God Sommar til alle.

Med helsing ordføraren



Roy Egil Stadheim

Roy Egil Stadheim
Ordførar

Helsing frå kommunedirektøren

Den 1. mars i år starta eg som konstituert kommunedirektør i Vik. Å ta turen frå gründerverksemd og næringslivsarbeid på Fedje til øvste administrative leiar i vakre Vik har vore både interessant, lærerikt og veldig kjekt.

Eg har i løpet av den korte tida vore både på bedriftsbesøk og årsmøte i bygdalaget i Fresvik. Ei bygd med engasjerte og sjølvhjelpne innbyggjarar i eit levedyktig og flott lokalsamfunn. Dei omlag 40 arbeidsplassane ved Fresvik Produkt A/S er særskilt viktig for Fresvik, men like viktig for Vik kommune. Me treng eit godt og variert næringsliv til alle som ønskjer å bu og arbeida kommunen vår.

Eg har vore ein tur til Firda settefiskanlegg A/S i møte med entusiastisk leiing som er stolt over kva dei har fått til på det landbaserte oppdrettsanlegget i Arnafjorden. Nytenking og utvikling kring utviding og fiskevelferd var kjekt å høyra om. Eg har vore innom eit hyggjeleg møte med Næringsssamskipnaden midt i planlegging av det vellukka Påsketreffet der næringslivet møtte unge «heime» på påskeferie.

Ordføraren har teke meg med på besøk i fengselet. Sist eg var på besøk i Vik fengsel må ha vore heilt i starten på 1980 talet. Eg har arbeidd 30 år i kriminalomsorga, så det var ei sann fryd å få sjå mønsterbruket av eit fengsel framstå nypussa og fint, både «innvending og utanpå». Her har det vore jobba svært godt både administrativt og ikkje minst politisk for å få auka kapasiteten monaleg i både tenlege og verdige bygg. Nær 60 arbeidsplassar er også noko som betyr mykje for lokalsamfunnet vårt. Den finaste opplevinga var møte med dei tilsette og innsette. Miljøet, tonen og haldningane frå leiinga og ut i organisasjonen var til å verta glad av.

Me kom til fengselet rett frå ei hyggjeleg stund i lag med Noregs eldste mann, 107-åringen vår Odd Borlaug. For tida vert det snakka mykje om kva som er den biologiske alderen vår. Eg kjem i tankar om kva som er Odd Borlaug sin. Det er ialfall ikkje 107 år. På minst eit felt er han 75 år. Det var alderen hans då han fekk interessa for laksefiske. Dette

og meire til gler eg meg til å snakka meir om ein junidag når Odd har teke med seg fiskestanga til elva. Då vert det drøs med kaffikopp og nybakst på benken.

Å få vera med på opning av kraftverket i Leikanger var ei flott oppleving. Om nokre år kan me opna vårt eige kraftverk i Feios, Det vil vera særskilt viktig og nesten ei større hendig for storsamfunnet enn for sjølve Vik. Det er stor etterspurnad etter kraft. Så me kan vera glad for at me har Sognekraft som utbyggjar, Dei legg opp til at anlegget skal produsera 98 GWh fornybar energi.

Det har vore to formannskap- og to kommunestyremøte i Vik sidan eg starta i jobben. Samfunnsaktørrolla og å arbeida i skjæringspunktet mellom politikk og administrasjon er noko av det eg alltid har trivst godt med. Eg har tidligare vore rådmann i Suldal og i Øygarden kommune i 12 år til saman. Det var spesielt å avslutta med å «leggja» ned ein kommune på 5000 innbyggjarar den 31.12.19 for neste dag å vakna opp til ein samanslegen kommune på 40 000 innbyggjarar.

Vik med sine 2500 innbyggjarar treng allierte i kampen om arbeidsplassar, busetting, kompetanse, vekst og utvikling innan mange felt, Dette løyser me i Vik ikkje åleine. Sognarådet som består av kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal kan trekkja lasset betre i lag enn kvar kommune kan klara kvar for seg.

Me utgjer ein felles bu- og arbeidsmarknad og treng kvarandre for å løysa felles utfordringar. Dette er eit spennande men òg krevjande arbeid. Når samarbeidet fungerer på sitt beste er det som eit godt ekteskap. Ein halverer sine sorger og doblar sine gleder.

Den første cruisebåten har allereie vore innom Vik. Det er bra mange passasjerar som reiser frå Vik og vidare på dagstur Flåm og andre plassar. Då vert det sånn passe med folk att til å blåsa litt liv i sentrum. Den dagen cruisebåten var i Vik, trefte eg mange av cruisepassasjerane på veg ned til Kommunehuset etter eit møte på Helse og omsorgssenteret vårt. Eg tok meg sjølv «på fersken» i å kjenna meg litt stolt over den fine plassen i Vik. Eg stoppa nokon og sa: Welcome to this



beautiful place- Vik- hope you will enjoy this wonderful day and weather in Vik. Eg kjende meg glad, og det trur eg dei også gjorde.

På Fedje der eg har heimen min, bur det 520 innbyggjarar. Der er det eit einsarta og sårbart næringsliv. Reiselivsnæringa er den viktigaste næringa. Då er det særskilt viktig at kommunen og me som bur på Fedje tek godt imot dei som kjem. Slik tenkjer eg òg om oss i Vik. God besøksforvaltning i eit ope og venleg samfunn som tek godt imot alle som kjem til kommunen- anten som turist, hyttefolk eller nyinnflytta. Det skal ikkje så mykje til. Eit hei, eit smil og kanskje opna opp for ein prat om korleis ein lever det gode livet i Vik. Det set folk pris på.

Alt vert litt lysare og lettare sommarstid. Me er meir ute og kan gå på tur anten aleine eller til dømes i lag med kjekke folk i Vik Turlag. Det er festivalar, idrettsarrangement og andre fine ting som skjer mange plassar i kommunen vår denne våren og sommaren. Håpar de tek del og gler dykk anten det på dugnad eller som publikum.

Retteleg god sommar alle saman og lukka til med alle arrangement, anten det no er i regi av gamalosten, bringebæra eller idrettslaget.

Beste helsing
Siri Fahlvik Pettersen
Konstituert kommunedirektør

Kulturkvelden på fredag

Jenny Marie (27) tek turen frå Hammerfest – på besten si rekning - for å syngje på kulturkvelden. Då besten Edvin tykte ho burde opptre på kulturkvelden under Gamalostfestivalen, var ikkje Jenny Marie Skjerven tung å be. Sjølv om ho må syngje på norsk! - Eg trur det er nesten første gong eg syng norsk. Stort sett syng eg på engelsk. Men det skal gå fint. Eg har plukka gode songar, seier Skjerven.

Ho har sunge så lenge ho kan hugse, og som vaksen har ho byrja å ta songoppdrag når tida tillet det. Til dagleg jobbar ho som sosionom i kriminalomsorga. Som etternamnet fortel, har 27-åringen sterke slektsrøter i Vik. Faren heiter Jarle, og besteforeldra Edvin og Kirsten. Og det var nettopp besten Edvin som kom opp med ideen at ho kanskje kunne ta turen til Vik og syngje. - Eg song på ein Redd Bar-na-konsert i Hammerfest før jul, som vart filma. Vi feira jul i Vik, og då besten fekk høyre og sjå videoen, kom han med ideen om kulturkvelden, seier Skjerven.

Langt og lengre enn langt

For arrangementskomiteen var det ei lett avgjerd å takke ja til eit songinnslag frå Skjerven etter å ha høyrte songprøve. Og besten Edvin lova å sponse flytur. For det er ikkje gjort i ei handvending å ta turen frå Hammerfest til Vik.

For dei som ikkje er heilt lokal-kjende på Noregs-kartet, kan me opplyse at Hammerfest ligg omtrent så langt nord som du kan komme, og er både kommune og by i Finnmark. Skal du køyre bil frå Hammerfest til Vik, er kortaste og kjappaste vegen via Sverige, 2160 kilometer, som du kan gjere unna på 29 timar i bil – og då er det utan dostogg og matpause. - Det må fly til, for å seie det slik, seier Skjerven.

Satsar på to fulle hus

I tillegg til song frå Jenny Marie vartar gode lokale og semilokale krefter opp med eit knakande godt program under kulturkvelden i Vikjahalli under Gamalostfestivalen.

- Det er berre å varme opp lattermusklane, for me lovar god stemning heile vegen, seier konferansier Tone-Merete Lillesvangstu.

Kulturkvelden i Vikjahalli har lange tradisjonar, og fredagens to førestillingar trekkjer alltid fullt hus, og vel så det.

- Kulturkvelden er svært innarbeidd, og nettopp difor har det vore både spennande, men også krevjande å jobbe med årets program. Me ønskjer sjølv sagt å innfri forventningar, men samtidig vil me også overraske litt, seier Lillesvangstu.

Viser breidda til fulle

Saman med programansvarleg Jens Brekke har ho snikra saman eit halvannan times langt program, som forhåpentlegvis treffer publikum godt.

- Årets program byr på glitrande kulturinnslag med både song og spel, men også revynummer og sketsjar som eg trur eg kan seie at folk knapt har sett maken til før, seier Jens Brekke, og får støtte av Lillesvangstu.

- Kulturlivet i Vik er rikt! Veldig mange er veldig gode på



Programleiar på Kulturkvelden Tone Merete Lillesvangstu.

veldig mykje! Eg vågar å påstå at det er få bygder av Vik sin storleik som har eit så variert kulturliv på så høgt nivå som Vik. Ekstra flott er det at me kan få vise fram ein liten bit av det på kulturkvelden, seier Lillesvangstu.

Visjon Tyleprat opptre live

Mange kjenner facebookside Visjon Tyleprat, som brørne Trym og René Haugen frå Vik står bak. Kjem du på kulturkvelden, får du oppleve dei i fri dressur på scena.

- Dette blir andre gongen dei syner fram konseptet Visjon Tyleprat «live», og ikkje i videoformat som dei gjer på Facebook! Dei har skodespel i blodet, begge to, så her er



Jenny Marie Skjerven kjem frå Hammerfest til Vik for å syngja. Faren heiter Jarle og bestefaren Edvin.

det berre å gle seg, seier Lillesvangstu.

Revygruppa Øyrakjeringane held framleis koken. Denne gongen har dei dramatisert Hulda Garborg-stykket «Rasjonelt fjøsstell» – med eit nyskrive tillegg anno 2024. Det er ikkje berre-berre å komme att til heimbygda, full av nye tankar og idear etter utdanning «ute i verda».

- Kanskje har ikkje så mykje endra seg frå 1898 og fram til i dag, som ein skulle tru, seier Brekke.

Dei åtte driftige songkunstnarane Gygrene lovar både spennstige og melodiose innslag. Og Ragnar Hove har lova å deklamere eitt av Tone-Merete sine favoritt dikt – sjølv sagt av Jakob Sande.

- Me håpar publikum går ut frå kulturkvelden litt gladare, kvikkare og stoltare av å vere vikle enn før dei kom, seier Lillesvangstu.



Gygrene blir og med på Kulturkvelden.

Stand up på Blix hotell fredag

På fredagskvelden under Gamalostfestivalen blir det stand up-show på Blix hotell. Etter at ein har vore på Kulturkveld i Vikjahalli, kan ein ta turen til Blix hotell og få med seg vår eigen stand up – artist frå Feios, Raymond Falldalen.

Raymond som er frå Holmestrand og sambuaren Gunnhild Grøthe Rinde flytta frå Åsane til Feios for tre år sidan og satsar hundre prosent på stand up. Dei var spente før premieren her i Sogn, som var på Hermansverk. Korleis er det med humoren på bygda, lurte dei på. Men det gjekk bra, og responsen var over all forventing. Fleire show i Sogn har det og vorte, bl.a. i Feios, Sogndal, Lærdal og Høyanger. Raymond opptretr både åleine og med andre stand up-artistar. Raymond skriv og tekstar for dei andre som han opptretr saman med. Han har og ei humorspalte i bladet «Transportmagasinet».

Ca 80 show blir det for året, så det vert mykje reising. Etter showa er det godt å koma heim til rolege Feios. Gunnhild har fortalt om fyrste showet i Feios: Ein kjempekjekk kveld med fire generasjonar i salen. For oss var det stor stas med det flotte aldersspennet. Og det er slik at stand up er for alle som har lyst til å le, ein er blir aldri for gamal for slike kveldar.

Under Gamalostfestivalen blir det premiere på soloshowet: Ng i oppførsel. Sjå annonse.

Kontaktinformasjon: Nettside: www.hillevents.no

Instagram: rayrayfall

Facebook og tlfnr: 405 40 285.

Ein kan bestilla både stand up eller konferansier.



Raymond Falldalen og Gunnhild Grøthe Rinde har flytta frå Bergen til Feios. Slik har Feios vorte stand up-bygdi i Sogn. Foto: Gunnar Kleven

Utstillingsplass/stand

Standleige under Gamalostfestivalen: 800 kr, for medlemmer av Vik Næringsssamskipnad 600 kr. Lokale handverkarar 400 kr. Gratis for lag og ideelle organisasjonar.

Kontakt Lars Hansen, tlf 45120477 eller e-post: post@linuxlars.no

Leidulv Finden-naustet

Leidulv vil som vanleg ha ope naust på laurdagen under Gamalostfestivalen. Der er mykje artig å sjå av reiskap og anna, ein motor vil stå og tøffa, og det vil bli sal av verdens beste svele og kaffi.

Lotteri

Som vanleg blir det eit lotteri under Gamalostfestivalen. Fotballgruppa vil gå rundt og selja lodd. Mange premiar. Ta raust imot loddseljarane, inntekta går til fotballgruppa.

Underhaldning ved meieriet frå kl. 12.00



Tradisjonen tru vert det underhaldning frå scena ved meieriet på laurdag føremiddag. Jenny Marie Skjerven (27) frå Hammerfest, med solide røter frå Vik, stiller på meieriscena laurdag med vakker song. Fleire lokale band har også meldt seg på spelelista. Kulturskulen i Vik stiller sterkt med både med song- og danseinnslag. I tillegg vil me hylla dugnaden, som Vik og vikjene er så kjende for. Kva er det som driv alle dei som legg ned hundrevis av dugnadstimar for å få ting til å skje i bygdi? Og kor viktig er dette for at nye generasjonar skal ønska å busetja seg i Vik?

Magnolia Jazzband

KONSERT I VIK KYRKJE LAURDAG 1. JUNI KL. 18.00



Dette landskjende og internasjonalt kjende jazzbandet kjem til Vik under Gamalostfestivalen og skal halda konsert i Vik kyrkje laurdag 1. juni kl 1900. Me er med andre ord sikra topp kvalitet.

Magnolia Jazzband vart etablert i 1972 og spelar New Orleans-basert tradisjonell jazz blanda med gospel og rhythm and blues. Men dei spelar og evergreens, blues og norske folketonar. Bandet blei starta av trombonist Gunnar Gotaas og er i dag eit av Noregs eldste band i kontinuerlig drift. Anten det er på konsert, til fest eller i ei kyrkje, så har Magnolia alltid med seg sin heilt spesielle «beat» og sin varme «sound».

Magnolia Jazzband har turnert bl.a. i Danmark, Sverige, Finland, Tyskland, Sveits, Nederland, Belgia, Frankrike, England, Spania, Italia, Russland,

Singapore, Dubai og Colombia. I 2012 blei bandet invitert til å spela på USAs største jazzfestival - New Orleans Jazz & Heritage Festival. Musikarane i Magnolia Jazzband har gjort fleire pilegrimsferder til New Orleans, jazzens fødeby, og nokre av dei til saman 14 platene bandet har gjeve ut er spelt inn nettopp der. Bandet har i mange år halde ein populær jazzkonsert i Oslo Konserthus.

Bandet har av og til med seg songsolistar, bl.a. Topsy Chapman, Lillian Boutté, Majken Christiansen, Karin Krog, Anne Marte Slinning, Marith Endresen, Tracee Meyn og Harriet Müller-Tyl, og har også samarbeida med artisten Adam Douglas. Ei plate som sette spor var *New Orleans Gospel in Molde* med Lillian Boutté (1981). Det gjorde og *Old Fashioned Love* (2016). Bandets nyaste innspeling er *Salige Stund - Hymner fra Skandinavia* (2020).

MED I BANDET

Anders Bjørnstad - trompet
 Georg Reiss - klarinett/altsax
 Gunnar Gotaas - trombone
 Morten Gunnar Larsen - piano
 Børre Frydenlund - banjo/gitar/vokal
 Sebastian Haugen - kontrabass
 Torstein Ellingsen - trommer

Bilmønstring

Det vert ikkje organisert bilmønstring av veteranbilar og andre bilar ved Kristianhus denne Gamalostfestivalen. Men det er høve til å møta opp ved Kristianhus med bilar.

Heimekampar 4. divisjon

20. april Vik-Dale
 4. mai Vik-Stryn
 16. mai Vik-Studentsprett
 1. juni Vik-Jølster
 22. juni Vik-Eid
 10. august Vik-Måløy
 24. august Vik-Sandane
 7. september Vik-Sogndal 2
 22. september Vik-Førde 2
 5. oktober Vik-Høyang
 12. oktober Vik-Fjøra

Utedans på Torget laurdag 1. juni kl. 21.00

MUSIKK VED HALVA PRISET OG EIN TE



HALVA PRISET

Du har sikkert hørt på radio eller kanskje du har dei på spelelista di, låtane «Den fineste Chevy'n» og «Konge på bøgda». Bandet bak låtane kjem til Vik under Gamalostfestivalen og skal spela på utedansen på Torget på laurdag. Alt ligg til rette for kjempestemming og god musikk.

Halva Priset er eit norsk partyband starta av Petter Bjørklund Kristiansen, betre kjent under artistnamnet Katastrofe. Dei andre i bandet er Emil Haglund, Hans Marius Indahl, Lars Støvland og Andreas Nordange.

Bandet fekk sitt store gjennombrøt i 2021 med låten «Den Fineste Chevy'n», med Maria Mena som gjestevokalist. På Spotify blei låten årets største norske sommarhit i 2021, den enda på førsteplass på VG-lista og blei i februar 2022 nominert til Spellemannprisen 2021 i kategorien årets låt.

Bandet prisar livet på bygdene og bygdafolk, dei elsker det som er betre utanfor Oslo: Festane, naturen, musikken, folki, bilane og butikkane. Slik sett passar det godt at bandet kjem til Vik og sikkert vil bli fascinert både av naturen, landskapet og folki.

Petter har sagt: «Jeg er født og oppvokst i Fredrikstad, mellom to bondegårder, i et skogholt i Onsøy – at jeg savner og skal tilbake

dit, tror jeg man hører ganske godt i låtene. by:Larm, selvdyrket veganermat fra Grünerløkka og månedskort på trikken blir for meget for en enkel Østfolding. Og, ja – Østfolding. Ikke noe Viken-tull. Østfold heter det».

EIN TE

Vårt lokale band skal spela på torget under Gamalostfestivalen, laurdag 1. juni. Dei skal spela før Halva Priset kjem på scenen. Alt ligg til rette for ein kjempekonsert og kjempeoppleving på Vikøyri denne laurdagen. Me høyrde dei sist under musikklaget sin 90-års konsert, og me vart alle imponert over nivået til våre eigne.

Alle har musikken som hobby og sidan alle er i full jobb blir det lite av spelejobbar utanbygds. Dei har spelt til dans nokre gonger på Blix hotell og nokre bryllaup og private tilstellingar har det og vorte.

I bandet er Øystein Moseng, Birger Sjømæling Andresen, Reidunn Bolstad, Geir Svendsen, Geir Utmo og Håkon Nummedal. Det er fem frå Vik og Håkon er ny trommeslagar busett på Voss.

Me kryssar fingrane og ber om godt og varmt ver, det kan ikkje bli dårleg ver to år på rad.





Kristianhus held ope

Kristianhus båt- og motormuseum ligg ved elvi Vikja og nord for Best stasjon. I bygget er det utstilling av båtmotorar og nokre båtar. I andre etasje er det og utstilling om Dei reisande med ein båt nytta av dei, og produkt laga av dei reisande, som knivar, kjøkkenreiskap og anna.

Turistinformasjonen held til i Kristianhus. På Turistinformasjonen blir det selt is frå Alm gard, gamalost og jus frå Vik Meieri, lokal-litteratur frå Vik og seinare på sommaren jordbær. Her kan og andre lokale produsentar få innpass.

Når cruiseturistane kjem til Vik vert dei losa gjennom bygningen, og bussane som skal frakta dei vidare står ved Kristianhus.

Her er og ei utstilling og info-stand om norsk oppdrett og moderne kystkultur. Stiftelsen for Kristianhus har fått Firda Seafood som eig anlegget på Tenne til å stå for dette. Utstillinga var ferdig sommaren 2022. Det er bilete og filmar, og der er ein stor laks i tre.

Ein verkstad er her framleis, det har vore nytta av skuleelevar som har valfaget Praktisk arbeid. Dei har reparert sykklar og skrudd på motorar.

I andre etasje er det ei utstilling om dei reisande. Der er ein båt som dei nytta. Det var slik at på Vestlandet reiste dei kringom i båtar, men på Austlandet for dei rundt med hest og kjerre. Ein kan og sjå ein del produkt laga av dei reisande.

I fyrste etasje held og utstillinga med båtmotorar til, eit utval av alle dei båtmotorane Kristian Otterskred samla. Det vil bli oppstart av motorar under Gamalostfestivalen.



Ragnar skal koka gamalost

Ragnar Hove koka gamalost ved meieriet. Ragnar kan kunsten etter å ha gjort dette mange gonger. Ved å fylgja med på arbeidet, vil ein få innblikk i korleis gamalosten vart laga heime eller på stølane før. På biletet er Alf Reidar Dale i passiar med Ragnar. Foto: John Skogheim



Gamlekara spelar til dans etter Kulturkvelden på fredag.
Foto: Studio 1 fotografene



Optikar

Kjell Magne Talleraas

Avdeling Vik - Åpent onsdager kl. 10.00-16.30

Synsundersøkelse - Brillor - Kontaktlinser

Timebestilling 920 94 145

TVEIT CAMPING

Vangsnesvegen 670 • 6894 Vangsnes
tlf.91141879 • post@tveitcamping.no
www.tveitcamping.no

Vik Songlag held konsert søndag 2. juni

Vik Songlag, med sin dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen, held konsert i Vikjahalli søndag 2. juni kl 17. Koret byr på ein variert konsert med alt frå gospelsong til meir kjende melodiar. Koret har dei siste åra hatt tradisjon for å ha sin årlege vårkonsert i samband med Gamalostfestivalen. Koret har og gjennom fleire år arrangert eigne julekonsertar i ulike kyrkjer i kommunen. Stadig fleire songglade vikjer møter på korøvingane og koret tel no nesten 40 medlemmer. Songfelleskapet og songgleda gjer at medlemene har det svært kjekt på øvingane og stadig nye prosjekt gjer at songarane alltid har noko å øve til og sjå fram til.

Sist haust vart koret invitert til felleskonsert for alle kora Tom Jarle dirigerer. Konserten i Kristiansand domkirke der rundt 200 songarar deltok og eit publikum på fleire hundre kom på konsert, gjorde dette til ei oppleving for songarane i Vik Songlag. Inspirasjonen til eit eige gospelprosjekt vart og tent. Koret har difor denne våren hatt samarbeid med Toneskredo frå Eidfjord og VossaGospel. Tom Jarle dirigerer alle tre kora og spleisa kora saman i eit eige gospelprosjekt, Gospelharmoni. Kora har øvd kvar for seg, men og hatt fellesøving på Voss. Prosjektet vart avslutta med ein skik-



Vik Songlag med dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen. Foto: Studio 1 fotografene

keleg konsertturnè. Fredag 19. april hadde kora konsert på Voss. Laurdag 20. april i Eidfjord og det heile vart avslutta med ein strålende konsert i Vik kyrkje søndag 21. april. Rundt 100 songarar og band med dyktige musikarar frå Kristiansand gjorde dette til ei spesiell konsertoppleving både for songarane og publikum. Stas at om lag 200 publikummarar deltok på konserten i

Vik. Kora er alt i gong med å tenkje ut nye samarbeidsprosjekt, så mest truleg vert det nye felleskonsertar neste vår.

Koret øver annankvar torsdag i Vikjahalli og alle songglade er hjarteleg velkomne.
Heidi Rennestraum



Hordaland SA avd. Vik



Kontakt oss på tlf. 57 69 59 44
Følg oss på Facebook og instagram, for tilbud og info
Monica, Vibeke og Kristin Anita

Kjærleik til frukt og bær



Din fagbutikk

når du treng varer, råd og rettleiing til opp-pussing eller nybygg.
Bruk tidi di rett. Lat oss gjera jobben slik du vil ha det.

Me kan hjelpa med: • legging av golvbelegg
• sliping og lakking av golv • tapetsering, måling ute og inne

VIK FARGEHANDEL A/S

Nils Steinar Hove

Mobil 907 54 813 / Butikk 57 69 83 50

E-post: nils.steinar@vikfargehandel.no

Kulør
Vik Fargehandel AS

Visjon Tyleprat

Desse to karane kan ein oppleve blant mange andre på Kulturkvelden i Vikjhalli fredagen under Gamalostfestivalen. Det vil som vanleg bli to førestillingar, kl 1900 og kl 2100.

Det er brørne René' og Trym Odne Haugen som står bak Visjon Tyleprat. Dei har sidan 2020 laga fleire innslag der dei parodierer folk frå Vik og elles i fylket. Innslagi kan ein sjå på Facebook. Innslagi på Kulturkvelden blir nyskrive materiale, men truleg vil me få oppleve Jens Brekke, Per Olav Geithus og Oddvar Torsheim.

Nokre opplevde dei nok på Karakvelden på Blix hotell i 2022, då var det stappa hus og stor stemning.



Tingsete 2024

Norsk Gamalostlag held Tingsete (årsmøte) under Gamalostfestivalen, laurdag 1. juni kl 18:00 på Meieriet.

Om nokon vil melde inn sak til tingsete lyt dette gjerast seinast to veker før via mail post@gamalost.no.

Me vil gå gjennom kva me har jobba med i året som har vore, i tillegg til vanlege årsmøtesaker. I år er fleire av styremedlemene på val, så me oppmodar alle som kan og vil å stille til val slik at me sørgar for ostens framtid! Ta gjerne kontakt med oss så me får gjeve beskjed til valstyret om du vil bli med.

Både medlemmer og dei som elles vil kan delta på årsmøtet. Påmelding på Gamalostlaget si stand framfor Meieriet under Gamalostfestivalen. Om du ikkje rekk å melde deg på før, er du meir enn velkommen til å møte likevel.

Deltakaravgift for ikkje-medlemmer er kr 300. Desse blir automatisk medlem i Norsk Gamalostlag og kr 200 av deltakaravgifta blir brukt til årskontingent for 2024. Deltakaravgift for medlemmer er kr 100.

For påmelding eller meir informasjon, kontakt: Gamalostlaget via e-post: post@gamalost.no

Dato: 1. juni

Klokka: 18:00 og utover

Stad: Meieribaren

Saksliste

- Årsmelding
- Val av nye medlemmer til Gamalostlaget sitt styre

SERVICESKYSS

Frå dør til dør for alle som treng det

- Transporten må tingast på telefon 468 91 580 dagen før, innan kl. 14.00
- Serviceskyssen skal gi personar som har vanskar med å kome seg til næraste busstopp høve til å bli henta heime
- Serviceskyssen skal gi dei reisande høve til å utføre nødvendige tenester og sosiale tilbod på reisemålet
- Serviceskyssen skal gi eit tilbod i området der det ikkje går andre høvelege ruter
- Pris kr 30,- kvar veg

Rutetider Vik kommune:

	Ruta går	Til sentrum	Frå sentrum
Fresvik - Vik	Torsdag i partallsveker	09.00	12.30
Arnafjord - Vik	Torsdag i partallsveker	09.00	12.30
Myrkaskog - Halrynjo - Vik	Torsdag i partallsveker	10.00	12.30
Espesete - Vik	Torsdag i partallsveker	09.20	12.00

 Vik kommune

skyss 

Fjordsylv 50 år



Grete og Knut i butikken: Foto: Arne Inge Sæbø

8. juni 1974 starta Knut og Grete Mykkeltvedt med gullsmedforretning i Vik. Knut er utdanna gullsmed og hadde jobba i fire år på Sylvsmdja på Voss. Onkelen hans Richard Kvamme eigde huset der butikken er og tilbød Knut å starta opp med forretning. Før hadde Vik Samyrkelag vore i huset, der var og skobutikk og endå tidlegare hadde der vore kafe'.

Mange meinte at det var ikkje kundegrunnlag å driva ein gullsmedforretning i Vik, men forretningi har vist seg å ha livets rett. Men det krev at ein står på, og det har Knut og Grete gjort. Dei har heile tidi hatt nok å gjera, og er no 4-5 tilsette. Men ei tid hadde dei 8-9 tilsette. Det har gått nedover med gullsmedyrket i Noreg, det er langt færre gullsmedar no enn det var. Salet av sylvbestikk har gått mykje ned.

På 1990-talet byrja dei med Fjordsylv og leverte ei tid til butikkar på Gardermoen og til Hurtigruten. Dei hadde og butikk i Gaupne i ti år. Hovudprodukti er bunadssylv, og dei har laga eit hundretals produkt. Brudekroner har Knut og laga, fleire ordførarkjeder og ikkje minst fylkesordførarkjeda til Vestland fylke. Den kjeda har sikkert mange sett rundt halsen til fylkesordførar Jon Askeland.

Av produkti må me nemna Steimsringen eller Sylvringen som han og vert kalla. Originalen vart funnen i ein gravhaug på Stadheim, og ein trur originalen vart laga rundt 500-700 e. Kr. Den sel dei mykje av, og ikkje berre i Vik, men kring heile landet. Men same mønsteret vert og nytta i øyrepynt, anheng, halssmykke og spyd til bunadskjede.

Knut og Grete er taknemlege for at bygdafolket støttar så godt opp om butikken, og me ynskjer dei gode år framover og utover dei 50 åri dei har lagt bak seg. Det er bra at det finst andre butikkar enn daglegvareutsal i bygdi.

Fjordsylv har gode tilbod under Gamalostfestivalen, sjå annonse.



VELKOMEN TIL 52 SPREKE BUTIKKAR

Vårens mote finn du
i butikkane våre!



*Følg oss på
Instagram
og Facebook!*

AMFI
SOGNINGEN

AMFI SOGNINGEN | 10-19 (18) | amfi.no/sogningen

LINNBAD[®]
– frå Vik i Sogn

God sommar!

SPAR VIK

Sommer-TILBUD

Sommer-Vibber

Coca-Cola/
Fanta/Sprite
0,33 l + pant
30,00/liter
Førpris: 18,90

9⁹⁰

VÅR FASTE SOMMER-PRIS!

Alltid varm MAT

59⁹⁰

Fra vårt varmeskap

Kyllingburger
120 g

Biffburger
100 g

Refsdal kraftstasjon frå 1913



Kraftstasjonen i Refsdal frå 1913 er restaurert som kulturminne og er open for publikum søndag frå kl. 13 til kl. 17 under Gamalostfestivalen og Bringe-



bærfestivalen. Begge dagar er det gratis inngang, men legg gjerne att nokre kroner i bøsse ved inngangen. Inne i stasjonsbygningen kan du sjå det


originale maskineriet frå 1913 og mange gjenstandar med tilknytning til kraftproduksjon, billete frå restaureringa og andre illustrasjonar. Uteanlegget som består av inntaksdam, deler av den opphavelige røyrkata og avlaupskanalen er lett tilgjengeleg i kort avstand frå bygningen. Difor kan ein her raskt få god oversikt over korleis det heile fungerer. Det er ikkje like lett i moderne kraftverk der mykje av anlegga er skjult og ikkje

tilgjengeleg. Nytt difor høvet og ta ein tur til Refsdal desse dagane.

Utanom desse dagane kan du besøkje anlegget gratis på eiga hand. Du kan låna nøkkel på Turistinformasjonen eller på Blix hotell. Vil du ha med gaid vil dette kosta noko avhengig av tal personar og transport. Ta kontakt med Turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon 911 30 843, e-post: post@sylvringen.no

Sylvringen as

Sylvringen as arrangerer gaida turar for grupper til kulturelle attraksjonar i Vik og har dyktige gaidar som kan ta dykk med på ein innhaldsrik kortare eller lengre tur til attraksjonar som Fridtjovstatuen, mellomalder-kyrkjene i Vik, gravhaugfelt, det verna området på Vikøyri, Refsdal kraftstasjon frå 1913, Tistel Gardsmuseum, Kristianhus Motormuseum samt prøvesmaking av gamalost og bringebærjuice ved Tine sin ostebær. Vi har dyktige gaidar som kan gi deg ei fin og interessant oppleving. Vi kan setja saman program og tidsplan etter gruppa sine ynskje og interesser, med eller utan inngangsbilletter der dette blir kravd. Prisen vil vera avhengig av tal personar i gruppa, tidsbruk og eventuell transport. Ta kontakt med Turistinformasjonen på Kristianhus for tilbod eller telefon 911 30 843, e-post: post@sylvringen.no



R. Johnsgalleriet – Velkommen!

I galleriet i «Inger Randi butikken» på Øyri er det utstilling laurdag 1. juni under Gamalostfestivalen frå klokka 9.30. Foto, kunstbilde og gamle bilde frå Vik. Bilde av Kjell Vikestad, Thomas Morel, Arild Thingvoll og Helge Grønningssæter. Det vert og sal av lokalhistorisk litteratur, både bøker og Pridlao, og T-skjorter, handlenett og plakatar med dialektuttrykk. Vi har også fleire spanande gamle bilde frå Vik i R. Johnsgalleriet.

Galleriet har ingen faste opningstider, men det er berre å ta kontakt om du vil sjå nærare på bilda eller ha ei omvising. Kontakt Kjell 41163708 eller Helge 91885878. Det er hyggeleg for oss å vise fram det vi har i galleriet.

Nettsider: Kjell: kav.smugmug.com, Helge: helgeviksogn.no eller vikjakunst.no, Thomas: Thomas Morel photography og Arild: foto.no (og søke på hans namn her). R. Johnsgalleriet har ei nettside på Facebook: [@Johnsgalleriet](https://www.facebook.com/Johnsgalleriet)



Nordlysbilde. Fotograf Kjell Vikestad.

Hovemadonnaen

I 2022 kom kopien av Hovemadonnaen på plass i Hove steinkyrkje. Dermed har kyrkja fått ein ekstra attraksjon og er vel verd eit besøk. Det er til å sjå madonnaen laurdag og søndag under Gamalostfestivalen. Hovemadonnaen er plassert i koret.

Den originale madonnaen er i museum i Bergen og er rekna som eit høgdepunkt i norsk kyrkjekunst frå mellomalderen. Gjenskapinga av Hovemadonnaen er gjort av Treskjærverkstedet as og er vorte finansiert ved innsamla midlar av Hovemadonnakomiteen. Prosjektet og prosessen har vekt interesse i fagmiljø i inn- og utland.


Kom og sjå på madonnaen

Under Gamalostfestivalen vil Hove kyrkje vera open både laurdag og søndag frå kl. 11.00 til kl. 16.00. Då er det høve til å gå inn og sjå på den vakre kopien.



Bli med på fiskesommer!

En gratis fiskedag for alle barn



- Instruksjon fra erfarene instruktører
- Fine premier til alle barn
- Ingen forhåndspåmelding
- Husk redningsvest!

Arrangementoversikt finner du på fiskesommer.no

Dato: 20. juli 2024

Tid: KL 12-14

Sted: Nese, Arnafjorden

Arrangør: Vik Jakt og fiskelag

Telefon: 91 70 59 88



Norges Jeger- og Fiskerforbund



BLIXHOTELL • FREDAG • STANDUP

- NG - IOPPFØRSEL

RAYMOND FALLDALEN

21:00 DØRENE ÅPNER GAMMALOSTFESTIVALEN FREDAG
22:00 SHOWSTART ID.18 ÅR - CC.175: 31.MAI

HILL EVENTS ticketmaster® blix

Sogn Lokallag av Fortidsminneforeininga arrangerer tur til

Høgdegarden Ytre Le i Arnafjorden

SUNDAG 9. JUNI!



Ytre Le sommaren 2023. Foto: Rigmor Solem

Ca Kl.13:00

Eigar Rigmor Solem viser rundt og fortel om garden og restaurering av hus og kultur-landskap i lag med eigarane på Fremre Le, Olav og Grete Dale.

Serivering/sal av kaffi/te m.m og nysteikte vafler i eldhuset!

Tilkomst: To alternativ

A: For spreke: Parkering ved Fjordabui eller ved brua, og guida tur opp den restaurerte gruestien til Le.

NB! Start kl. **12:00**

B: For andre: Bilveg til parkering på Fremre Le.

Til fots ca 800m gardsveg opp til Ytre Le. Kan kjøra opp til Ytre Le, setja av folk og returnera til Fremre Le for parkering.

Arrangementet er ope for alle med hjarte for kulturminne og sans for vern og vøling av gamle hus.

HØGDEGARDEN LE

- EIT VERDIFULLT KULTURMINNE

Garden Le ligg solrikt og vakkert til på ei hylle i fjellsida 300 m over Framfjorden.

Her er dokumentert jordbruk og busetjing i fleire tusen år. Gamle driftsmåtar har vore i bruk heilt fram mot vår tid, m.a. med omfattande lauing.

Over garden i nord ruvar fjellet Havren, og ras har opp gjennom tida sett sine spor og gjort skade på hus og innmark.

Garden har status som verna kulturmiljø i kommuneplanen for Vik, og som verdifullt kulturminne i kulturminneplan for Vik. Ein skjøtselsplan er nyleg utarbeidd i regi av Statsforvaltaren.

Garden er no delt mellom to eigarar med kvart sitt tun: Fremre Le og Ytre Le. Eigar på Fremre Le er Olav Dale, og på Ytre Le Rigmor Solem.

RESTAURERING PÅ YTRE LE:

Då Rigmor Solem overtok Ytre Le i 2019 var både klyngetunet og kulturlandskapet prega av forfall.

I tida etter er det gjort eit stort restaureringsarbeid på hus og landskap.

Hovudhuset, Buahuset, stabburet og eldhuset er restaurert. Gode fagfolk frå firma «Stokk og Stein» og «Gausdal stav og laft» har stått for det meste av arbeidet. Og «Tina-stova», ei lemstove frå 1860-talet står for tur. 45 styvingstre av ask, alm og selje er restaurerte, og ein gjeng sterke sherpa-karar frå Geirr Vetti har redda og restaurert fire bakkamurar.

Alt dette og meir til får dei som tek sundagsturen til Le 9. juni sjå og høyra meir om, når de får møta brukarane på Le: Rigmor Solem og Olav og Grete Dale



Fortidsminneforeininga
Sogn lokallag



**Norsk
Bringebærfestival**
www.bringebaerfestival.no

2024
9.-11. August



Velkommen til Bringebærkommunen Vik



Bringebærfestivalen



gjengar og familiar konkurrerer mot kvarandre i ei hinderløype med zipline og padling med SUP. Konkurransen føregår ved badestranda og stupetårnet i sentrum. Ziplina er frå stupetårnet og ned i vatnet, og det vert eit forfriskande bad på dei som har den etappen. Både i 2018, 2019 og 2022 vart Sognabær den råaste bedrifta, men i fjor var det Kingas Dream Team som vann. Arrangørane håper mange lag vil melda seg i 2024. Bedrifter, kameratgjengar og andre bør klara å stilla lag.

Verdas lengste bringebær-dessert

Bringebær lagt i takrenner er måten ein klarer å setja verdsrekordar i bringebær-dessertar. I 2018 kom ein opp i 70.8 m og i 2019 vart det ny rekord med 75.5 m. Ny rekord vart det og i 2023 med 78 m. Etterpå vert desserten eten opp med vaniljesaus til.

Bakekonkurranse

Bringebærfestivalen har alltid bakekonkurranse med kaker som sjølvstakt må innehalda bringebær. Over 20 kaker vert vanlegvis leverte inn. Det vert konkurrert i tre klassar: barneklasse, vaksenklasse og nytenkjarklassen. Arrangørane vil få inn nye idear og det skal vera ei kake som folk flest kan baka. Hovuddommar har vore kakespesialist Oddny Hønsi Ringheim som driv nettsida www.kakemonsen.no Etterpå er det mogeleg å smaka kakene på Blix hotell.

Barneleikar

I 2024 vil det lagt opp til tilbod for barna. Kva aktivitetar det vil bli, er under planlegging. Tidlegare har det vore mogeleg å få ri på hest, ansiktmaling og anna. Det som er sikkert er at også barna skal få det kjekt på festivalen.

Torgsal

Som vanleg vil det bli standar der det vil bli høve til å kjøpa



Opplegget blir mykje likt slik det har vore og slik det var i 2023. Norsk Bringebærfestival vart arrangert første gong i 2014 og er eit samarbeidsprosjekt mellom frukt – og bærmottaka i Vik kommune. Festivalen er ei markering av at Vik er den største bringebærkommunen i landet. Dei to siste åra har det vore vanskar med å få nok bærplukkarar frå Aust-Europa. I 2022 og 2023 måtte ein henta inn mange plukkarar frå Thailand.

Bringebærpris

På kvar festival vert det delt ut ein bringebærpris. I 2018 fekk Olav J. Bøtun frå Fresvik prisen. I 2019 vart det Sognabær som fekk prisen, og i 2022 var det Tine Vik Meieri som fekk prisen. I fjor var det Lerumas som fekk utmerkinga. Det vert spanande å sjå kven som får prisen i 2024. Det blir gjeve til personar som har gjort ein stor innsats for bringebærdyrkinga i kommunen.

Rått, vått og røft

I 2018 fekk ein eit nytt tilbod på festivalen. Det er ein konkurranse der bedrifter, vene-

for det meste lokale produkt. Sjølv sagt kan ein kjøpa koger med bringebær, men også honning, bringebærgele, bringebærssaft og andre produkt laga av bringebær. Vikja vil tilby sine produkt, ein vil kunne kjøpa sjømat og husflidsvarer. Her vil det bli høve for dei som lagar noko å by fram varene sine til festivalpublikummet.

Dans på Blix hotell

På laurdagskvelden vert det dans på Blix hotell. I skrivande stund er det ikkje bestemt kva gruppe som skal spela.

Båttur, rib-turar

Mb «Arnafjord» vil vera i Vik under festivalen, og det er mogeleg å få seg ein tur på fjorden. I 2022 leigde Sogn Sparebank båten under festivalen, og det er mogleg for bedrifter å leiga båten for ein fjordtur. Det er og høve å få ta

seg ein rib-tur på fjorden. Sjå annonse annan stad i avisa.

Sponsorar

I 2023 var Eik hovudsponsor for Bringebærfestivalen. Andre rause sponsorar var Accoutor, Sognabær, Statkraft, Sogn Grønt, Lerum og Highsoft. I tillegg var fleire mindre sponsorar med. Ein spesiell takk og til Vik kommune og Sogn Sparebank. Stor takk og til Røyrvik Bygg for hjelp til desserten og til Blix hotell for hjelp til kakekonkurransen.

Oppdater deg ved å fylgja med på heimesida: www.bringebaerfestival.no.

Bli med på Vått, røft og tøft

I år håper me at fleire enn bærplukkarar stiller lag. Få med eit lag frå bedrifti der du arbeider, kameratgjengen, grendi eller idrettsvenner. Meld dykk på.

RÅTT, VÅTT OG RØFT 2023

Resultat:

1. Kingas Dream Team - 1.26
2. Apeltun Råd og Regnskap - 1.30
3. Sognabær Thai Queens - 1.52
4. Sognabær Thai Kings - 1.54
5. Team Fresvik - 1.55



Erling Stadheim måler bringebærdesserten.



KAKEKONKURRANSE 2023

12 kaker innlevert.

Vinnar vaksen - ein pai med bringebærcurd og marengs: **Eili N. Riise**

Vinnar barn - kake med bringebærmousse og browniesbotn: **Lisa Marie og Kristine Kvarme**



Vinnarkake barn



Vinnarkake vaksen



*Ordførar Roy Egil Stadheim
har delt ut prisen til Trine
Lerum Hjellhaug.*



Bringebærprisen 2023

tildelast

LERUM as

Juryen si grunngjeving:

Årets prisvinnar har vore ein god samarbeidspartnar for bærneringa i heile regionen i mange år.

Dei er bevisste på å nytta lokale råvarer i produkta sine, og har alltid sett dei lokale produsentane høgt.

LERUM har tradisjonelt hatt god produktportefølje og er heile tida opptekne av å stadig finna nye og attraktive produkt i takt med tida.

Samarbeidet med Lerum har sikra bringebærprodusentane trygg og kortreist avsetning av bæra. Samarbeidet har gjennom generasjonar bidrege til framgang og optimisme i næringa, og dermed auka verdiskaping.

Det er fantastisk å samarbeida med ein profesjonell aktør som både stiller krav og som har musklar til utvikling.

Dette har bidrege til at Vik er kjend som Bringebærkommunen!

Vik, 12. august 2023

Åslog Stadheim Ese
For juryen

Ola Hopperstad
For juryen

Vik Bygdekvinnelag har gjenoppstått!



Noregs Bygdekvinnelag skal vera ein pådrivar for levande bygder og er opptatt av sosiale tiltak i bygdene.

For nokre år sidan heldt Bygdekvinnelaget i Vik på å gå ned for teljing. Det var få medlemmer, og snakk om avvikling. Laget har lang tradisjon i Vik, og har vore viktig for damene i bygd frå gammalt av. Kunnskap om alt frå tradisjonsmat og gardsarbeid til bunader er verdiar som hadde forsvunne ut av bygd om Bygdekvinnelaget i Vik vart lagt ned. Ein redningsaksjon vart dregen i gang, og i dag tel Vik Bygdekvinnelag 27 medlemmer.

Både nye og meir erfarne medlemmer i Bygdekvinnelaget sit på mykje kunnskap som vert formidla vidare til damene i bygd på dei ulike aktivitetsekveldane våre. Her er det rom for prøving og feiling, me lærer av kvarandre og mykje latter og godt humør pregar aktivitetsekveldane. Sjekk ut facebook-sida vår, så ser du kva me har på gang.

Bygdekvinnelaget eig ein brurestakk med brurekruna, ein herrebunad, ein damebunad og ein jentebunad som er til utleige!

No har me gått gjennom tilstanden på dei flotte bunadane me eig, og dei treng å koma fram i lyset att, bunader skal brukast, ikkje berre lagrast. Me har vore so heldige å fått lokale modellar til å kle seg i bunadane våre, og Kjell Vikestad har teke bilete slik at de kan sjå kva bunader som er til utleige. Bileta vart teke ved nydelege Feios Kyrkje (1866). På bileta ser de Frida Berdal i brurestakk med brurekruna, Jaran Øyre Rinde i herrebunad, Sissel Ulvestad (konfirmant) i damebunad og Ella Hopperstad Berdal (9 år) i jentebunaden frå ca 1920, som i si tid tilhørde Prikken Greve.

Ta kontakt med Turid Haga Vange turidvange@gmail.com om du ønskjer å leige ein bunad. Då får du vita mål på bunadene og leigepreis, som inkluderer forsikring og rens/vask etter bruk.

Me vert glade om fleire vil vera med oss i Vik Bygdekvinnelag! Du melder deg inn på bygdekvinnelaget.no, eller ved å ta kontakt med oss direkte. Det kostar 765 kr i året å vera medlem, og berre 380 kr for dei under 40 år.

Håpar du har lyst å vera med!

Turid Haga Vange
Styreleiar



> xl-bygg.no

Alt du trenger til ditt prosjekt

XI RØYRVIK BYGG & BETONG Tlf. 57 69 65 60

med **rasande Flinke** **straum** og **slikt**

HOLEN
INSTALLASJON

Årøyvegen 14, 6856 Sogndal | tel: 57 67 75 00
post@holen-installasjon.no | www.holen-installasjon.no

VIKØRSTA



Vi skaper trygge samfunn med lokalproduserte sikkerhetsløsninger

Vik Ørsta AS er det største enkeltsekskapet i Saferoad-konsernet i Norge med ca. 300 tilsette. Vi produserer og leverer produkt innanfor marknadsområda Rekkverk, Bergsikring, Lysmast, Design og Marina.

Bedrifta er lokalisert i Vik i Sogn og i Ørsta på Sunnmøre og har historie heilt tilbake frå 1947. Les meir om oss på www.vikorsta.no

a SAFEROAD® company

Agentbåten MS «Arnafjord»

SOMMAREN 2024

«Agenten» vert ogso i år å finna ved kai i Vik frå tidleg mai og utover sommaren. Etter diverse utbetringar på motoren i 2023, er båten no klar for nye eventyr. For kvart år har båten vorte meir og meir populær til småturar. Bedrifter og lag, men ogso familiar, har leigd båten for turar rundt om i Sogn. Populære reisemål for småturar har vore Finden, Arnafjorden, Balestrand og Fjærland.

Om bord i MS «Arnafjord» har tida stått stille, alt er som det var i 1937. Salongen og agentlugaren er det svung over. Sameleis maskinrommet med den 2 sylindra 50 hk «Rubben», som er ein oppfyringsmotor med luftstart frå 1937. Båten vert å finna ved bryggja i Vik under Gamalostfestivalen og Bringebærfestivalen. MS «Arnafjord» er tilgjengeleg i Sogn frå mai til medio august, og i Bergen frå medio august og utover hausten.

For prisar/bestilling av turar i Sogn, kontakt Morten på tlf. 916 13 271, og for turar i Bergensområdet, kontakt Per Jarle på tlf. 916 41 944.



God sommar!
Helsing mannskapet på MS «Arnafjord»



VIK ADVENTURE

vikadventure.com



**Bli med
Vik Adventure ut
på eventyr!**

RIB-turar

Guida fisketurar

Båtutleige

SUP utleige

Utleige/sal fiskeutstyr

Fiskekort og meir!

Sjekk vår nettside for
aktiviteter langs fjord og fjell!

booking@vikadventure.com

+47 91 70 59 88

+47 90 10 86 31

Gamle Trevaren

Tlf.: +47 91 70 59 88 / 90 10 86 31



Verdiskaping skjer i møtet!

Verdsarvparken har mange gode partnerar. Me er opptekne av å ta vare på verdiane og foredle dei resursane me har for framtida. Samarbeid er nøkkelen til levande bygder. Bli med!

www.naroyfjorden.no



**NÆRØY
FJORDEN**
VERDSARVPARK

Vik Hagelag med ny giv

Vik Hagelag hadde årsmøte i april og har no dette styret: Ola Hopperstad – leiar, Haldis Kløve Dregelid, Laila Sunde og Elisabeth Simone Kirk Olden-Wikestad.

Laget vart starta opp for to år sidan og hadde fram til no eit

interimstyre. Dei håper å få opp interessa for hagestell, få meir aktivitet og hagebesøk. Det er mange flotte hagar i Vik kommune. Det er og planar om å reisa til andre bygder i Sogn for å sjå på hagar. På sikt og til Flor & Fjære utanfor Stavanger.

I Vik kan ein bestilla omvising i hagen til Ragne Birte Lund i Juvik, sjå eigen omtale om det. Så er det og planar om å besøka hagen til Magnar Tjønn, dei har svært mange georginar. Tove Helgås har og ein hage som er verd å besøka. Vidare vil hagelaget samarbeida med biblioteket og kommunen om foredrag av hagekunnige folk.

5. juni arrangerer hagelaget plantebytedag i eller ved Kristianhus. Samtidig blir det arrangert barnas hagedag der dei kan få byggja insekthotell. Borna vil og få utdelt solsikkefrø, og det vil bli konkurranse om å få høgast solsikke. Premiering vil bli under Bringebærfestivalen midt i august.



Vangen Elektriske



Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

REIN TRIVSEL AS

er eit selskap som har spesialisert seg på reingjering av kontor, produksjons- lokale og private heimar.

Vår mål er nøyaktigheit, pålitelegheit og profesjonalitet.

Vi er her for å hjelpe deg – ikkje vent
ring **482 39 256**



E-post: post@reintrivsel.no
Nett: www.reintrivsel.no

DRIVKRAFT i Sogn.



Saman støttar me mangfaldet og breidda innan idrett, kultur, veldedige formål og andre gode tiltak med lokalt engasjement.

Ny skulptur i kulturhagen nedanfor «Hugin og Munin»-porten i Juvik

Interessa aukar merkbar for å oppleve oasen med levande kunst og kultur i hagen som mannen min Anup og eg over fleire år har bygd opp i Juvik etter at eg tok over denne fliken

av frukthagen som i si tid tilhørde barndomsheimen til morfaren min, Johannes Djupvik.

Vi har tatt med oss inspirasjon frå kunst, mytologi, filosofi



Den nye skulpturen som er komen på plass i hagen. Den er i kvarts, teikna av Anup og laga i Firenze. Dei som kjem på besøk får høyra om symbolikken. Foto: Ragne Birte Lund

og uttrykk om livets mysterier etter mange års opphald og virke i andre delar av verda. I dag kan vi by på ei saumlaus og harmonisk blanding av vekstar og kunstnarlege innslag med steinskulpturar designa av Anup og tidlause symbol felles for vår eigen og andre kulturar. Alt bind saman det lokale og det globale i ein hage som overskrid kulturelle grenser i det slyngjande landskapet med utsikt over den storslåtte naturen.

I hjartet av det skulpturelle og dei kosmiske innslaga i den kunstnarlege oasen ligg veksthuset, eit «glashus», som er forma som eit auge. Der og på fleire plassar er det mogeleg å kontemplera over eininga mellom alt liv, vår indre skaparkraft og banda til Moder Jord.

I år vert det kunstnarlege utvida med ein skulptur i kvarts teikna av Anup og utført i Firenze i ein teknikk frå renessansetida. Vi har mykje å fortelja om symbolikken. Også basesteinen i breksje som er fleire hundre millionar år gammal, er eit syn verdt!

For at fleire skal kunna ta del i det vi har bygd opp, og med eit ynskje om å setja Vik på kar-



Eine portstolpen i Juvik med Hugin eller Munin på toppen.

tet på fleire måtar, så er hagen no å finna i Norsk Hageselskaps register over besøkshagar i landet.

Velkomen til å tinga omvising!

Med ynskje om god hagesesong frå Juvik!

Ragne Birte Lund

Medlem i Vik Hagelag
Kontakt: ragnebirtelund@gmail.com

Geithus VVS as

6863 Vik i Sogn

E-post: post@geithusvvs.no

Mob.: 950 41 606



Trelast og byggevarer / Makita verktøy



Printfarm.no



-ditt TRYKKERI i Sogn og Fjordane
post@printfarm.no - tlf. 57 66 23 60



VISITTKORT - HEFTER - BØKER
EMBALLASJE - PLAKATAR M.M.



På Vangsnes og Vetløyri Senter

**Båtdiesel, smøreolje, diesel
til landbruk og anlegg**

Sogn Olje as

Tlf. 95 27 32 91



**FRESVIK
PRODUKT**



Skreddarsydde
isolasjonspanel til kjølerom,
fryserom og næringsbygg.
100% norsk.

**Marknadsleiar på
kjøle- og fryserom til butikk**

- Kort monterings tid – lås i alle overgangar
- Kvalitet frå produksjon til ferdig montert

Diskutere prosjekt? Ring oss på 57 69 83 00

Fresvik Produkt | N-6896 Fresvik | Tlf. 57 69 83 00 | post@fresvik.no fresvik.no

BYSTØL

Tlf. 57 69 85 80
post@bystol.no

I Vik får du alt



frå **stupetårn**, eiga **badestrand**, tuftepark, **sandvolleyball**, **fotballbaner**, eit flott **idrettsanlegg**, butikkar til restaurantar og heilårsopne hotell.

Med eige **skisenter**, **sommarskisenter** og **rulleskiløype** kan små og store **kosa seg** i det flotte løypenettet med utsikt til Sognefjorden.

Dugnadsmiljø

Jubelbrøl frå skiskyttarar som trenar akkurat her, ein av få stader i landet der dei kan gå på ski samstundes som dei er i nærleiken av skytebana. Heiarop til fotballaga i nesten alle divisjonar. Gledeskrik frå fjelltoppane og motbakkekonkurranseløypa. Dugnadsarbeid, entusiasme og vilje frå bygdefolket og idrettslaget får fram utøvarar i verdsklasse.

Teck og industri

Vik er teknologi, industri og kraft. Kraftselskapet Sognekraft syter for kraftforsyninga til innbyggjarar og næringsliv, teknologiskapet Highsoft har over 80 av dei 100 største verksemdene på Fortune 500-lista som kundar, og einaste gamalostfabrikken i landet finn du i Vik. Den faste muggosten nesten utan feitt, salt og tilsetjingsstoff og med heile 54 % protein, har røter heilt attende til vikingtida. Kan henda gamalosten er løyndomen til korleis vikingane vart både sunne og sterke, og kunne legga verda for sine føter?

Festivalbygda

Gamalosten blir heidra kvart år med eigen festival. Gamalostfestivalen byr på ulike fagseminar kring mat, kulturkveld i Vikjahalli, konsertar og dansetilstellingar, fiskekonkurranse, kassabilløp og meir til. Likar du betre Bringebær? Vik har ein festival for det og. Mest interessert i musikk? Då er det musikkfestivalen i nabobygda Fresvik, Fres Festival, du skal sikta deg inn på.



Cruisebåtar i Vik 2024

Oppdatert april 2024

Vessel	Arrival	Departure	Hours	Length (m)	Gross ton	Previous port	Next port	Customer	Pax
AIDAdiva	24/04/2024 08:00	24/04/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen		European Cruise Service AS	2 566
AIDAdiva	09/05/2024 07:30	09/05/2024 15:00	07:30	251,89	69 203	Eidfjord	Warnemunde	European Cruise Service AS	2 566
Renaissance	18.05.2024 07:00	18.05.2024 15:00	08:00	219	55 575			SDK Shipping AS	1 258
AIDAdiva	22/05/2024 08:00	22/05/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566
AIDAdiva	04/06/2024 09:30	04/06/2024 20:00	10:30	251,89	69 203			European Cruise Service AS	2 566
Costa Favolosa	06.06.2024 09:30	06.06.2024 17:30	08:00	289,6	113 307	Olden	Hamburg	European Cruise Service AS	3 780
Exploris One	09/06/2024 08:00	09/06/2024 18:00	10:00	107,9	6 072	Haugesund	Olden	GAC Norway AS	144
Clio	16/06/2024 11:00	16/06/2024 20:00	09:00	100,26	3 504	Ålesund	Bergen	GAC Norway AS	90
AIDamar	17/06/2024 09:00	17/06/2024 18:00	09:00	253,22	71 304	Olden	Goteborg	European Cruise Service AS	2 686
AIDAdiva	18/06/2024 09:30	18/06/2024 20:00	10:30	251,89	69 203	Eidfjord	Måløy	European Cruise Service AS	2 566
Scenic Eclipse	19/06/2024 08:00	19/06/2024 09:00	01:00	168	17 545	Hellesylt	Flåm	European Cruise Service AS	237
Amera	19/06/2024 08:00	19/06/2024 09:00	01:00	204	39 051		Flåm	SDK Shipping AS	835
Europa 2	22/06/2024 07:00	22/06/2024 09:00	02:00	225,62	42 830	Bergen	Flåm	European Cruise Service AS	516
Clio	24/06/2024 11:00	24/06/2024 20:00	09:00	100,26	3 504	Nordfjordeid	Rosendal	GAC Norway AS	90
Artania	29/06/2024 08:00	29/06/2024 09:00	01:00	230,61	44 697	Bremerhaven	Flåm	SDK Shipping AS	1 260
AIDAdiva	02/07/2024 10:30	02/07/2024 20:00	09:30	251,89	69 203	Eidfjord	Bergen	European Cruise Service AS	2 566
AIDAdiva	17/07/2024 08:00	17/07/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566
Hebridean Sky	18/07/2024 07:30	18/07/2024 16:30	09:00	90,36	4 200	Aberdeen	Loen	GAC Norway AS	114
AIDASol	23.07.2024 09:00	23.07.2024 19:00	10:00	252,00	71 304	Eidfjord	Bergen	European Cruise Service AS	2 686
Deutschland	24/07/2024 09:00	24/07/2024 18:00	09:00	175,49	22 496	Ålesund	Bremerhaven	SDK Shipping AS	552
AIDAdiva	31/07/2024 08:00	31/07/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Eidfjord	Bergen	European Cruise Service AS	2 566
AIDamar	05/08/2024 09:00	05/08/2024 18:00	09:00	253,22	71 304	Olden	Stavanger	European Cruise Service AS	2 686
AIDaluna	08/08/2024 07:00	08/08/2024 17:00	10:00	252	69 203	Leknes	Hamburg	European Cruise Service AS	2 050
AIDAdiva	14/08/2024 08:00	14/08/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566
Clio	15/08/2024 08:00	15/08/2024 20:00	12:00	100,26	3 504	Måløy	Bergen	GAC Norway AS	90
Clio	23/08/2024 11:00	23/08/2024 20:00	09:00	100,26	3 504	Nordfjordeid	Rosendal	GAC Norway AS	90
AIDamar	28/08/2024 08:00	28/08/2024 18:00	10:00	253,22	71 304	Bergen	Haugesund	European Cruise Service AS	2 686
AIDASol	02.09.2024 08:00	02.09.2024 18:00	10:00	252,00	71 304	Eidfjord	Bergen	European Cruise Service AS	2 686
AIDamar	10.09.2024 10:30	10.09.2024 20:00	09:30	253,22	71 304	Eidfjord	Bergen	European Cruise Service AS	2 686
Nordstjernen	24.09.2024 14:30	24.09.2024 18:00	03:30	80,70	2 191	Fjærland	Skudeneshavn	Vestland Classics	150
AIDAdiva	25/09/2024 08:00	25/09/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566
Amera	26/09/2024 08:00	26/09/2024 09:00	01:00	204	39 051		Flåm	SDK Shipping AS	835
AIDAdiva	09/10/2024 08:00	09/10/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566
AIDAdiva	23/10/2024 08:00	23/10/2024 18:00	10:00	251,89	69 203	Bergen	Eidfjord	European Cruise Service AS	2 566

Total pax

58 999

29 dagliggende (3,5 timer eller mer)

5 transit (2timer eller mindre)

34 totalt



Berdal Røyr & Sanitær

 **91 82 26 23**
 **95 04 80 44**

Vik Apotek

OPNINGSTIDER:

Mandag-fredag 08.45-16:15

Torsdag: 09:30-16:30

Laurdag 10:00-13:00

Vik Camping

6893 Vik i Sogn

Telefon 57 69 51 25

VIK APOTEK

Røysavegen 2, Vikjåtunet

6893 Vik i Sogn

Tlf. 57 69 83 83

E-post: vik@dittapotek.no



— tettere på

Bli med på RUGBY i sommarferien!

Ein inkluderande lagsport med og utan kroppskontakt, med plass til alle.



Mike Pride i aksjon under turneringa i 2022. Foto: Terje Målsnes

ER DU LYSTEN PÅ GOD UNDERHALDNING OG VIL GJERNE SJÅ PÅ RUGBYKAMPAR I VIK?

TERMINLISTA 2024:

- **4. mai på Modig Stadion:** Herrar Vik/Eldar/Sogndal/Norane mot Lillestrøm Lions.
- **1. juni i Haugesund:** «Alt Heis Cup» 1-dags-turnering for damer og herrar
- **15. juni i Farsund:** Herrar Vik/Eldar/Sogndal/Norane mot Farsund Bobcats
- **22. juni på Voss:** NM 7's 1-dags-turnering for U14, U16, damer og herrar
- **6. juli Vik Sandrugby.** Turnering i sanden med 5 spelarar for damelag, herrelag og familielag. Bli med!
- **31. august i Sandnes:** Herrar Vik/Eldar/Sogndal/Norane mot Sandenes Raiders.
- **7 september på Vik Stadion:** Herrar Vik/Eldar/Sogndal/Norane mot Haugesund Sea Eagles.
- **28 september på Voss:** 15's 1-dags-turnering for herrar.
- **12 oktober i Kristiansand:** 15's 1-dags-turnering for herrar.
- **26 oktober i Oslo:** 15's 1-dags-turnering for herrar.

VIK SANDRUGBY 2024 – HYV DEG RUNDT OG BLI MED!

6 juli samlast me i sanden mellom kunstgrasbana og Vik stadion. Her skal det spelast rugby som inkluderer alle, med og utan kontakt: U16, herrar, damer og miksa lag med «tag rugby». Sistnemnde er ope for alle, uansett alder, kjønn eller erfaring.

ME YNSKJER ALLE VELKOMNE – TURISTAR, KOMPISLAG ELLER BEDRIFTSLAG.

Om du ikkje har lag – bli med i «players pool». Ta kontakt med Mike Pride (45870880) eller send ei melding til Vik IL Rugby på facebook eller instagram.

LYST Å PRØVE RUGBY? KOM PÅ TRENINGAR!

Nytt i år er treningstider også for ungar. Alle er velkomne til rugbyleik/tag rugby for alle aldersgrupper kl. 18.00 på tirs dagar, ved kunstgrasbana. Torsdagar kl. 18.00 er det vanleg trening (12år og eldre).

Følg Vik IL Rugby på facebook og instagram for meir info.

Kulturhuset Vikjahalli under opprusting



Ungdomshuset Vikjahalli har sidan byggeåret 1910 vore eit viktig kulturhus i Vik, med stor og variert bruk. Der har generasjonar av vikjar hatt store opplevingar på konsertar, revy og teater, på kino og dansefest, møtt sine livspartnarar, feira jubileum og runde år i lystig lag, kjøpt lodd på basar og debutert på scena.

Tilbygg mot nord i 1993 og renovering og utviding av scenedelen mot sør i 2002 gav eit løft for standard og bruksområde. Med 700 m² bruksflate, storsal med scene, og tre

mindre salar har Vikjahalli ein viktig rolle og eit stort potensiale som kultur- og forsamlingshus for Vik. Men huset har sine manglar. Slitasje på bygg og innbu er stor. Storsalen er tilnærma uisolert og krevjande å varma opp i vinterhalvåret. Sterkt auka straumkostnader gjer behov for tiltak akutt. Eit dugnadsdrive kulturhus utan driftsstøtte toler ikkje straumrekningar på over hundre tusen kr i året over tid.

No har eigar Vik UL sett i gang eit omfattande opprustings- og fornyingsprosjekt for at

huset skal kunna fylla rollen som viktig kulturhus for Vik ogso i framtida. Prosjektkostnad er om lag 4 mill. kr, og er finansiert med tilskot frå Vik kommune, spelemidlar, bidrag frå Sogn Sparebank og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane/«Huset i bygda», samt eigenkapital i hovudsak som dugnadsarbeid. Styret i Vik UL; Reidunn Bolstad, Reidun Ovrid og Nils Bryn varslar at vener av Vikjahalli vil få rikeleg høve til å bidra med dugnadsinnsats.

Første byggesteget er no i full gang: omlegging av skiferta-

ket og isolering av takflater og yttervegger på den eldste delen med storsalen. Det er entreprenørfirma Vik Byggservice i samarbeid med Røyrvik Bygg og Betong som har oppdraget. Når det er gjort, skal storsalen få ei velfortent opp-pussing og fornying av overflater, belysning, utstyr og innreiing som er ein kulturhus-sal verdig.

WC- anlegget i underetasjen frå 1972 har i lang tid vore defekt og ute av drift, og skal totalrenoverast. Inngang og andre rom i underetasjen skal og pussast opp. Til slutt skal tilkomsten for rullestolbrukarar forbetrast med utvendig rampe, og uteareal og inngangsparti få ei tiltrengt ansiktsløf-ting.

Den eldste delen med storsal og inngangsparti frå 1910 er bevart tilnærma uendra, og gjer at Vikjahalli har status som «verdifulle kulturminne» i kulturminneplan for Vik kommune.

Ottar Wiik



Attraksjonane i Vik

Hopperstad stavkyrkje

Stavkyrkja er frå 1130. Open frå mai til september med guiding.

Hove steinkyrkje

Steinkyrkja er frå ca 1170. Open frå midt i juni til midt i august. Guiding. Kan bestilla vising der utanom skuleferien.

Moahaugane

Ni gravhaugar på terrassekant på Hove. Gangveg forbi. Infotavle.

Fridtjovstatuen

22 m høg statue på Vangsnes av sagnhelten Fridtjov den frøkne. Gåve frå keisar Wilhelm II i 1913. Infotavle. Fin park rundt.

Vikøyri

Gamal strandsitjarstad, tettbygd område i sentrum mellom elvane. Skilta kulturløype. Kan bestilla guiding på Turistkontoret. Er laga hefte om Vikøyri.

Kristianhus Motormuseum

På Vikøyri ved utløpet av elvi Vikja. Noregs største samling av gamle båtmotorar. Også nokre båtar og utstyr.

Gamalt kraftverk i Refsdal

Viks fyrste kraftverk frå 1913 er restaurert. Ope for synfaring og orientering under festivalane. 10 km frå sentrum til Refsdal.



Tistel gardsmuseum

Garden Tistel ligg 6 km frå sentrum i retning Voss. Der er det gardsbruk, campingplass og fleire gamle bygningar. Inne i dei gamle husa er det gardsmuseum, med mange gamle gjenstandar. Ta kontakt for omvising, tlf. 95 23 09 25.

Finden, Finnabotnen, Strendene

Veglause grender vest for Vik og Arnafjorden. Høve til overnatting og servering. Rutebåt måndag, onsdag og fredag. Mange fråflytta grender mellom Nese og Ortnevik. Gangveg mellom grendene.

Skredstova

Bygg med minnetavle og informasjon om rasulukka på Nese i 1811 som kravde 45 menneskeliv. 27 km frå Vik.

Kulturløype Feios

Start i Osen med info om fleire kulturminne som bl.a. Hjelsingstova, skulehuset på Helleland, smia på Brennene og meir. 19 km frå Vik.

Mensen Ernst

I Fresvik er det minnestein over den største langdistanseløparen til alle tider, Mons Monsen Øyri frå Fresvik. 35 km frå Vik.



HIGHSOFT



FOLIETEC

www.folietec.no

Skilt
gruppen



SBM

SBM as (tidlegare Sogn Bygg og Montasje as) leverer totalentreprisar, delentreprisar, prosjektering, materialar og utføring innanfor stål- og næringsbygg, fasadar og betongarbeid.



Festivalen vert arrangert 25.-27. juli.
Om artistar og billetter, sjå heimesida
til festivalen: fresn.no



Bygg og anleggsarbeid med Montal



**Sogn
SPAREBANK**

Lokalbank ved di side.
Aurland Lærdal Vik Sogndal Årdal Bergen

Restaurering av Borgstova



Borgstova var tenestefolket sin bustad på garden Sjøtun midt på Vikøyri; bilde frå 1980-talet med Guttorm Holstad som tok initiativet til å redde Borgstova og som var fyrste formann i Fortidsminneforeininga avdeling Sogn og Fjordane.

Borgstova vart redda på 1980-talet til 'gagn for miljø og kultur'

Stiftinga Borgstova jobbar med naudsynt restaurering av stova på Vikøyri som er med i Kulturminneplanen for Vik kommune som verdifull og verneverdig bygning.

Guttorm Holstad kjøpte Borgstova i 1982 for å redde stova og med støtte frå privatpersonar, lag og verksemder. Stiftinga Borgstova vart skipa og står som eigar av Borgstova og har som føremål å ta vare på stova til 'gagn for miljø og kultur'. Sidan restaureringa på 1980-talet har Borgstova vore i bruk av både bygdefolk og tilreisande. Riksantikvaren har vore på besøk til Borgstova og roste restaureringsarbeidet som vart gjort den gongen ho vart redda; no har tida kome for å utføra ein ny runde med restaurering.

Borgstova vart bygd i 1864 og er ein av to bygningar som står att av tunet på Sjøtun. Stova var bustad for tenarar og tenestejenter på Sjøtun og ligg sentralt midt på Vikøyri. Den andre bygningen er ei korntørke ved elva Hopra.

Den fyrste som skreiv seg i besøksboka etter restaureringa

var Dronning Sonja; Guttorm Holstad fortalde: «Det var ei stor hending då eg som guide for dronning Sonja kunne visa Borgstova fram 23. august 1984. Dronninga opna stova som eit kulturhus. Ho la vekt på at dette var ei stove der bygdefolket kunne samlast og «oppleva det som ein gong var». Ho uttrykte mange godord for tiltaket, og var den første til å signera gjesteboka. Stova vart seinare opna med ei stor tilstelling i 1984 av Fylkeskultursjefen og ordføraren.»

Stiftinga har fått hjelp hjå Vik Lions, som var med og skipa Stiftinga, til å laga ein tiltaksplan for restaurering og istandsetjing av Borgstova og det har vore til ei stor hjelp.

Bruk og verdi

Borgstova har vore og vert brukt til mange forskjellige aktivitetar av bygdefolket mellom anna bryllaup, fødselsdagar, festlege lag, klassetreff, møte i lag og organisasjonar, og ikkje minst 'Veitla i Borgstova', eit kulturtreff der lokale kulturkrefter stilte opp og underheldt for å støtta Borgstova og dei oppmøtte fekk minnerike opplevingar.

I samarbeid mellom Borgstova og Hopstock hotell fekk i mange år tilreisande oppleve kulturkveldar i Borgstova i ein autentisk setnad med tradisjonsmat og drikke og dette var eit populært innslag; ikkje minst sette norsk-amerikanarar som var tilbake til Vik for å spore opp slekt, pris på desse kveldane.



Jens Brekke deklamerer Per Sivle; Veitla i Borgstova 2019.

Det har og vore heimebrygging i Borgstova. Under OL på Lillehammer kom det eit filmteam frå Canada for å filma korleis ein bryggja øl på tradisjonelt vis i Norge. Dette programmet vart så sendt på kanadisk fjernsyn som ein del av ein serie med kulturelle innslag om Norge i samband med OL sendingane på Lillehammer.

Gamalostlaget i Vik har brukt Borgstova til koking av gamalost i grua som eit kulturinnslag for å visa korleis gamalost vart laga på gamle måten av tidlegare generasjonar og for å prøva å få tradisjonen til å gå vidare.

Restaureringsarbeid og finansiell støtte til tiltaket

I fyrste omgang er det restaureringsarbeid ute med torvtak, kledning, dører og grunnmur som skal gjerast noko med. I

restaureringsarbeidet ute har Borgstova fått støtte av Kulturminnefondet, Vestland fylkeskommune, Vik kommune, Vik Almanning, Sogn Sparebank og Pridlao – dette arbeidet planlegg stiftinga å få gjort i 2024.

Vidare er det restaureringsarbeid inne av grue, piper, vedomnar, bad og kjøken, oppvarming og brannvarsling som ikkje er finansiert og me leitar etter fleire støttespelarar som kan hjelpe til med å finansiera dette arbeidet, ta gjerne kontakt.

Dei som vil gje gåver til å støtta arbeidet med å ta vare på Borgstova kan og gjera det til Borgstova på kontonummer 3800 20 02709 i Sogn Sparebank.

Einar Andre Holstad



SOGN ANLEGG AS

Graving - muring - transport
Ring oss om ditt uteprosjekt

Svein Hønsi 95 24 44 12 · Eirik Stadheim 99 45 72 29



FOSSE

Maskin & transport AS

6893 Vik i Sogn

post@fossemaskin.no

Tlf. 975 02 809 - 907 55 185



Fosse Maskin og Transport AS er din lokale entreprenør.

Me utfører det meste av tenester innan bransjen, og leverer sand, singel, pukk og stein frå eige steinbrot, etter ynskje frå kunden.

Ta kontakt!

Godkjent bilverkstad / Dekkforhandlar

Me utfører service, PKK, feilsøking og reparasjonar på lette køyretøy!
12 mnd. veghjelp er inkludert i servicen.

TOSTELS AUTO AS

Limmesand - 6893 Vik i Sogn
Telefon: 57 69 77 99



MECA
CAR SERVICE



VIKØREN

Arkitektfirma Jon Vikøren as
6893 Vik i SOGN Tlf. 57 69 89 50 WWW.ARKJV.NO
post@arkjv.no



KVALITET KOMPETANSE KREATIVITET

HALSET

ENTREPRENØRSERVICE AS

6893 VIK I SOGN

NATURSTEIN GRAVING TRANSPORT

TLF. 41 61 18 82 - 90 91 26 21

Me ordnar IT -du fiksar resten!

sognenett it

Telefon: 482 18 888 | www.sognenett-it.no

E-post: post@sognenett-it.no

Kvitevarer
Brunevarer
Småelektrisk
Belysning



**Vik Elektrø
& Interiør**

Tlf: 47688888 post@vik-elektro.no

www.vik-elektrooginterior.no

Solskjerming
Garn og tilbehør
Blomster



Originalservice
EU-kontroll på dagen
Drop-in

CARFIX

Tlf: 57 62 30 00 • vik@carfix.no



VIK REKNESKAP AS
 AUTORISERT REKNESKAPSFØRARSELSKAP
 Postboks 84, 6891 Vik i Sogn

Blomster til alle høve! – Spør oss!



Hageland *Syrstrand Gartneri a.s*
 Leikanger - Tlf 57 65 19 10

Bech arkitekter
 909 20 966



CAMP
CAMP

Djuvik Camping
 6894 Vangsnes

Mobil 911 41 878

E-post: post@djuvikcamping.no
www.djuvikcamping.no



Med skybasert rekneskap får du tid til overs
 – tid du kan bruke på det du vil

Accountor Sogn

Tlf: 57 69 58 96 | e-post: sogn@accountor.no

accountor

Kundane scorar Vekselbanken som beste bank sjuande året på rad i ei kundeundersøking for Eika Alliansen

Jonny Nordøy som er bedriftsrådgjevar og ekspert på kunderelasjonsmålingar i Kantar Norge uttalar fylgjande om resultatata i årets kundeundersøking:

For femte året på rad topper Vekselbanken listen med de mest fornøyde og lojale kundene i Eika Alliansen. Banken leverer på særdeles høyt nivå over tid, og det viser at banken klarer å utvikle og endre seg i takt med kundenes forventninger. Vi har jo ikke tall på alle bankene i Norge, men det er ikke usannsynlig at Vekselbanken har Norges mest fornøyde bankkunder, sier Jonny Nordøy, bedriftsrådgiver og ekspert på kunderelasjonsutvikling i Kantar. Banken har flinke folk som yter god personlig service og nyter høy tillit som rådgivere for sine kunder.

Me er takksame for dei gode tilbakemeldingane! Saman med kundane våre skal me halde fram med å utvikle oss vidare, og vera ein god medspelar i alle livsfasar.

Søkjer du gode råd og løysingar på dine forsikrings- eller bank behov kontakt oss på telefon 56 52 35 00, ta ein tur innom banken på Voss eller send ein e-post til post@vekselbanken.no



Solfrid Dagestad Midttun, avd.leiar Personmarknad
 Leidulv Finden, Leiar Forsikring og Forsikringsansvarleg



Vekselbanken
 – ein god medspelar –

Ein alliansebank i **eika**.

SOGNE FJORD

KIROPRAKTIKK

Vårt mål er å redusere smerter,
fremje helse og auke livskvalitet.

Lokalt tilbud i Vik og Leikanger:

- Kiropraktikk
- Individuell trening
- Råd og rettleiing

Ta kontakt:

sognefjordkiropraktikk.no
post@sognefjordkiropraktikk.no
48 87 08 82



Me hjelper deg gjerne!

MENSEN ERNST MINNELØP 2024

Laurdag 29.juni



Bli med på Noregs trivelegaste mosjonsløp

www.mensenernst.org



Me inviterer dykk alle til eit arrangement med fokus på rørsleglede,
personleg meistring og god stemning i Fresvik 29.juni!

Distansar:

- Barneløp (400m)
- Barnevognløp (400m)
- Rullestølløp (400m)
- Paris-Moskva (1,5 km)
- Munchen-Nauplia (3,5 km)
- Istanbul-Calcutta (6,5 km)
- Mot Nilen sine kjelder (12 km)
- Stafett (4 etappar på 1,5km,
2km, 3km og 5,5km)

Starttider:

- 10.30 - Opning av sekretariatet
- 12.00 - Opning av arrangementet
- 12.30 - Barnevognløp
- 12.35 - Barneløp
- 12.45 - Rullestølløp
- 13.00 - Fellesstart alle distansar +
stafett



MASKINENTREPRENØR:

Stokkebø Maskin AS driv bla. med:

- Brøyting
- Vegvedlikehald
- Boring/sprenging
- Dyrking
- Vegbygging
- Tomter
- Massetransport
- Salg av stein,
singel, pukk og
grus.



Statkraft

Vedlikehaldsgruppa

Vikfalli

6893 Vik i Sogn

Telefon Vikfalli - 480 24 961